

Til den det måtte angå

Dato: 12.01.2018
Vår ref.: 2014/559-29
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.:

Attest for Henrik Tvedt

Henrik Tvedt, fødd 14.09.1998, har vore ein del av Ungdommens fylkesutval frå 15. februar 2015 til 14. februar 2016. Han var medlem i utvalet og fokusområdet hans var opplæring og helse.

Ungdommens fylkesting er sett saman av to representantar frå kommunale ungdomsråd, samt to representantar frå kommunar utan ungdomsråd. Dei har møte ein gong i året der dei viktigaste oppgåva er å velje nytt Ungdommens fylkesutval, vedta budsjett og vedta Ungdommens planprogram, som er det dokumentet Ungdommens fylkesutval skal jobbe etter i året som kjem. Ungdommens fylkesutval er dermed Ungdommens fylkesting arbeidande organ og dei har møte minst ein gong i månaden. Dei skriv uttalar, svarar på førespurnader og deltek i ulike utval, komitear og grupper, der dei representerer Ungdommens fylkesting.

Det har vore positivt å ha Henrik Tvedt med på laget i Ungdommens fylkesutval og vi ønskjer han lukke til vidare.

Ingeborg Strandberg
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.